

**Eit nytt Dønhaug-år er innleia og første konsert står på programmet i påska.**

**Onsdag 20. april kjem det populære Åsmund  
Åmli Band til låvedans, medan nordirske Andrea  
Rice kjem i kjedlaren torsdag 21. juli.**

Åmli har vore på Dønhaug før. Setesdølane er svært godt likte land og strand rundt og hadde også stor suksess då dei var her sist. No har dei vore på farten i 15. år og det er nesten ikkje den scena i Sør-Noreg dei ikkje har spelt på.

Dei 4 karane kallar seg eit country/rock showband og som varemerke har dei det særprega Valle-målet som Åsmund har med frå heimbygda.

Bandet har og prestert noko: Dei låg i 11 veker på Norsktoppen med Stomp og vatn og toppa lista 3 gonger. Og dei har vore på NRKs Danseband-jukeboks ofte.

Når det så gjeld det eruptive fenomen Andrea Rice, trur vi at ho har vore på Dønhaug 9 gonger og at dette altså blir eit slags jubileum. Ho er i alle fall ein sikker Dønhaug-vinnar. Om Andrea er det ingen floskel å nytta ordet folkekjær og ho imponerar stadig med eit stort og allsidig repertoar.

På denne sida av sommaren blir det også låvedansar laurdag 14. mai og laurdag 11. juni, men Magne Huglen har førebels ikkje bestemt kven som skal spela. Han er i kontakt med fleire band.

Av Ola Matti Mathissen